

Grunneigarar, naboar,  
og private høyringsinstansar.

Vår ref.: 2018-06

Dato: 19.07.2018

## VARSEL OM OPPSTART PLANARBEID – KLEIVANESET GNR.35 BNR.29 M.FL. I HERØY KOMMUNE.

I medhald av plan og bygningslovens §§ 12-1, 12-8 og 12-14 blir det med dette varsla om at det vert sett i gong privat planarbeid for eigedomane nemnt i overskrifta.

### Planområdet

Varslinga gjeld utarbeiding av detaljreguleringsplan for eit nærare avgrensa område for gnr. 35/29, 35/175 og 35/176 m.fl på Kleivaneset i Herøy kommune. Planområdet er avgrensa som vist med stipla linje på vedlagt kartutsnitt. Området omfattar eit areal på om lag 20,5 daa. Området som er under regulering er ikkje utbygd. Området grensar mot det bebygde området i Kleivaneset i søraust.

### Formålet med reguleringsendringa

Formålet med planarbeidet er utarbeiding av detaljreguleringsplan for nye bustadområde, molo, småbåthamn, veg og gangveg/fortau, leikeplass m.m innanfor planområdet. Forslagsstillar ynskjer å utvikle området til bustadområde i samsvar med overordna kommuneplan. Intensjonane er i hovudsak bustadføremål, då med både småhusbebyggelse og bustadblokker (leilegheiter). Planområdet er i overordna kommuneplan avsett til sentrumsformål (S1) med omsynssone bevaring av naturmiljø (H560\_1) som gjeld for Kleivavika. Det vil i vidare planarbeid bli gjort vurderingar kring naturmiljø, ROS og naturmangfald.

### Forslagsstillar og grunneigar

Grunneigar av gnr. 35/29, 35/175 og 35/176 er Kvalsvik Elektro Eigedom AS.  
Føretaket B. Tarberg AS v/Aleksander Zahl Tarberg er utførande konsulent for planlegginga.

### Informasjon og medverknad:

Planinitiativ vil vere tilgjengeleg på nettsida vår [www.btarberg.no](http://www.btarberg.no) under fana «Varsling».  
Dei som har interesse i planarbeidet kan sende sine synspunkt til:


B. TARBERG AS  
Sandvikvegen 174  
6070 Tjørvåg  
E-post: [post@btarberg.no](mailto:post@btarberg.no)

Frist for merknader er satt til: **17.08.18.**

### Vidare saksgong:

Etter at fristen for å kome med innspel er ute vil sjølve planforslaget bli utarbeidd for deretter å bli sendt Herøy kommune for sakshandsaming etter plan- og bygningslova. Etter første gongs handsaming i kommunen blir planen lagt ut til offentleg ettersyn. Det vil då vere mogleg å kome med nye innspel til det planforslaget som vert offentleg.

Med vennleg helsing

  
Aleksander Zahl Tarberg  
Planleggar  
B. Tarberg AS

Vedlegg: Kart som viser avgrensing av planområdet